




Senterpartiet



PROGRAM

Time Senterparti 2019-2023

01



ORDFØRARKANDIDAT

Bjarne Undheim, 1951, Undheim, Kumulert

02



Ragnhild S. Dyngeland,
1976, Lye, Kumulert

03



Ranveig Undheim,
1974, Undheim

04



Geir Pollestad,
1978, Bryne

05



Frode Førland,
1982, Bryne

06



Signhild S. Samuelsen,
1983, Kvernaland

07



Jone Fosse,
1971, Hognestad

08



Elin Egeland Roda,
1993, Bryne

Vekst og utvikling i hele kommunen

- nærfolk

**SENTERPARTIET VIL AT NORGE SKAL BYGGJA
FRAMTIDA SI PÅ DEI KRISTNE GRUNNVERDIANE
OG VÅRT DEMOKRATISKE STYRESETT.**





TIME SENTERPARTI

Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå. Me vil understreka verdien av oversiktelege einingar og lokalsamfunn der folk har tillit til kvarandre og til styresmaktene. Senterpartiet vil ha eit samfunn med frie, sjølvstendige menneske som med tru på eigne evner tek ansvar for eige liv, for fellesskapet, natur og miljø. Menneskesynet vårt er tufta på menneskerettane og dei kristne verdiane. Kvart menneske er unikt og uerstattelig, og respekten for menneskeverdet er overordna andre verdiar.

MILJØET VÅRT

Omsynet til miljøet skal setjast framfor omsynet til forbruk og høgast mogleg vekst.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR Å:

- Stimulera innbyggjarane til å ta miljøvennlege val i kvardagen.
- Leggja til rette for å utvikla fornybar energiproduksjon. Men fleire vindmøller har Time ikkje plass til.
- Arbeida for busstilbod til Bryne frå Hognestad, Undheim og Kvernland. Desse kan og fungera som kollektivtilbod for dei ytre delane av Bryne.
- Betre busstilboden mellom Bryne og Lyefjell, og etablera busstopp langs fylkesveg 506.
- Vektleggja miljø og klima ved offentlege innkjøp.



FOLKESTYRET VÅRT

Senterpartiet vil framleis ha kort avstand mellom dei som sit i kommunestyret og innbyggjarane. Me vil arbeida for mest mogleg opne politiske prosessar, og særleg vektleggja å trekka med grupper som ikkje er godt representerte i politiske avgjerder. Opne folkemøter er mellom anna ein god måte å gjera det på.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- Å vektleggja godt samarbeid med nabokommunane framfor ein ny runde kring kommunesamanslåing. Me fryktar at ein storkommune vil gje mindre demokrati og meir byråkrati. Særs i arealforvaltinga er det viktig med samarbeid for å spara matjord.
- Å behalda nynorsk som målform og administrasjonsspråk i kommunen. Samstundes må kommunen fylgja opp dei lovmessige krava til å velgja ei anna målform i skulen.

MATEN VÅR

Senterpartiet vil satsa på produksjon av god, trygg og sunn mat. Time kommune er ein viktig landbrukskommune og me vil arbeide for auka matproduksjon og verdiskaping frå landbruket i kommunen.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- At Time kommune bidreg til at Norge skal vera sjølvforsynt med kvalitetsmat.
- Matjorda vår er den viktigaste ressursen for liv, og er ein evig verdi. Den må ikkje byggjast ned, men verta dyrka og nyttta til matproduksjon.
- At Time kommune skal vera ein kommune som satsar på, støttar og legg til rette for ei aktiv landbruksnæring.
- Jordvernet skal stå sentralt i alle politiske prosessar.



Time Senterparti

VEGANE VÅRE

Senterpartiet ynskjer eit godt vegnett og eit godt sykkelvegnett i kommunen. Me vil leggja til rette for at folk kan byta ut bilen med sykkelen og at ungane kan gå eller sykla til skulen og i fritida på ein trygg og god måte.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- At det vert etablert sykkelstamvegnett i kommunen.
- Trygging av skuleveg frå Taksdal til Undheim.
- Trygging av skuleveg i forbindelse med utbygginga av Svertingstadfeltet.
- Trygging av skulevegen langs fv 506 til Lyefjell.
- Å løysa dei trafikale utfordringane for Frøyland/Orstad.
- Ny veg frå Lyefjell til Frøylandsfeltet, men først når vegnettet på Frøylandssida er klar for det.
- At det vert bygd ein god veg mellom kommunen og E39.
- Å styre mest mogleg av gjennomgangstrafikken utanom Bryne sentrum.
- Sykkelsti frå Undheim til Bryne.
- Sykkelsti frå Hognestad til Torland.

UNGANE VÅRE

Me vil at ungane våre skal få ein god start på livet, og vil leggja til rette for at dei kommunale tenestene vert best mogleg.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- Tilbod om sunn og god skulemat til alle ungar i grunnskulen.
- Ein praktisk skule, der ungane skal læra gjennom å gjera.
- Skular og barnehagar med høg kvalitet, og med gode uteareal som legg vekt på fysisk aktivitet.
- At skulen nytta nærmiljø og lokalt næringsliv som læringsarena og identitetsskapar, og brukar friluftsområda i kommunen.
- Å satsa på auka kvalitet i skulen ved at det i større grad vert undervist i små grupper.
- Å styrka og informera om arbeidet til Familiesenteret, pedagogisk-psykologisk teneste(PPT) og barnevernet.
- God kommunal fødsels- og barselomsorg.
- God tilgang på helseyster i skulane.



BYEN OG BYGDENE VÅRE

Time kommune er i vekst. Me må møta denne veksten med langsiktig og fornuftig planleggjring. Me vil planleggja for at dei nye husa våre vert bygde på fjell.

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- God tilgang på næringstromter og tilrettelegging for næringsutvikling.
- At veksten i kommunen må vera berekraftig, om ikkje må den avgrensast.
- At Bryne skal byggjast i høgda, ikkje i breidda. Dei langsiktige grensene for jordvern må respekterast og tydeleggjerast.
- At nye bustadfelt vert lagde til Lye/Njåfjellet av hensyn til jordvernet.
- Å etablera Bryne som senter for læring, kultur og handel på Jæren.
- Å føra ein restriktiv alkoholpolitikk.
- At grunnskulestrukturen vert oppretthalden.
- At det vert etablert godt nett og mobildekning i heile kommunen.

OMSORG FOR LIVA VÅRE

SENTERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- Nok sjukeheimspllassar av god kvalitet, med eit godt aktivitetstilbod for brukarane.
- At omsorgstenesta skal vera communal.
- Å styrka dagtilbod for eldre og andre som er heimebuande.
- Å finna ei god løysing for fleirbrukshall og symjebasseng.
- Sikre gode legetenester og legevakt med kort ventetid og god kvalitet.
- At institusjonsmaten i kommunen skal vera næringsrik og av god kvalitet.
- Å satsa på førebygging framfor reparasjon.



SETERPARTIET UNDERSTREKAR VERDIEN AV OVERSIKTELEGE EININGAR OG LOKALSAMFUNN DER FOLK HAR TILLIT TIL KVARANDRE OG TIL STYRESMAKTENE.

INNHOLD I LIVA VÅRE

SETERPARTIET SKAL ARBEIDA FOR:

- Å etablera nye turstiar i samarbeid med grunneigarane.
- At nye bustadfelt skal ha gode fellesareal.
- Ein kulturskule med høg kvalitet som veks i takt med etterspurnaden i kommunen.
- At kultur, idrett og anna frivillig lagsarbeid vert satsa på og gjeve gode vilkår.
- Syta for ei berekraftig kommunal støtteordning til kulturhus og idrettsanlegg. Det inneber og at kommunen skal samarbeida og leggja til rette for frivillige lag og organisasjonar som ynskjer å byggja nye anlegg.
- Støtte opp om kyrkja og andre religiøse organisasjonar.
- Eit godt og allsidig kulturtilbod i heile kommunen for alle innbyggjarar.





09



10



11



12



13



14



15



16



17



18



19



20



21



22



23



24



25



26



27



28

Bjørgulf Fjermestad,
1949, Kvernaland

Jorunn L. Aasland,
1957, Kvernaland

Tarald Oma,
1940, Hognestad

Arnt Moi,
1978, Bryne

Eyvind Time,
1975, Hognestad

Bjørn Egil Bøe,
1969, Kvernaland

Brynhild S. Andersen,
1978, Hognestad

Sonja H. Skårlund,
1976, Hognestad

Erik Mikal Tjåland,
1991, Undheim

Jorunn Time,
1976, Lye

Arne Berge,
1968, Lye

Dan Magne Hinnland,
1974, Lye

Turid Time,
1956, Bryne

Willy Finnbakk,
1958, Lye

Karin Fuglestad,
1965, Kvernaland

Inger Skårland,
2001, Hognestad

Astri F. Eikeland,
1973, Undheim

Jan Atle Ree,
1997, Hognestad

Kirsten Kverneland,
1974, Kvernaland